

Margreta Dønhaug  
Dikt



an erste frucht  
bestanden für die  
an 1000 100



«Dinglo» over  
Dønhaugshølen.

# Livet mitt

Påskedag 6. april 1980.  
Skriven til min 83. gebursdag.

Mange trur når ein vert eldre at tida fell so lang – og at alt vert tungt og mødesamt, men det er kje sant, for om morgonen når eg vaknar utkvila og frisk og glad – fyrst so tek eg meg ein varme styrt, so varmt so eg vil ha, og etterpå ein iskald – det er godt for helso da.

Eg lever vegetar, av urter, frukt og fisk, og «hydlete» i staden for kaffi. Litt kjerringrokk og brennesla, høyfrø m.m. er godt for søvnløysa – for hjarta og for gikta – so det kan eg trøstig anbefala.

Gjennom kammerglasset mitt kjem solstrålene inn – og dagen ligg og ventar med mange tusen ting på meg og mine arbeidsslitne hender. Det kjem ein stille tanke og talar som so: No er du vorten gamal, du må ta det meir med ro.

Men – to vevar står og ventar – med kvar sin renning i – so finn eg lyng og mose og fargar ull og trå – til mynster eg i teppene skal laga.

Ja, den velsigna veven – med prest og klokkar i, der har eg bruk for hendene og all min fantasi.

Om folk meg kritiserar – og segjer som so: no må da gamla menneske gje seg, det er no måte på! Då lukker eg mitt øyra og tek ein liten sull – det verste du skal høyra – folk spinn opp mykje tull.

So lever eg i minne frå mine mange år – om arbeid og om yrke, om folk og levekår.

Og inn i dette minnet med sorg og gleder i det lyser fram ei kveldssol med Himmelglansen i.

Skrive juni 1974 - eit  
dikt i samfunnsdebatten  
om dei eldre.

*for kjeffe*

# Minne frå "bestemorstova"

Av Margreta Dønhaug

7



Eg minnest Besto si stova-  
ho var 'kje so stor eller flott—  
men korso rømde ho mykje,—  
ja, nesten utruleg godt.  
Der var det rom til stolar og bord,  
ei seng og vev bortmed glaset-  
eln komod stod i ei kro,  
og kokommen i den andra.

Eg ser denne stova i minnet mitt no—  
både i kvardag og helg  
då ho var arbeidsstova,  
og då ho var pynta til jolekveld.  
Som arbeidsstova mest interessant-  
for oss borna so lærerik-  
skulle eg laga ei bestemorstova,  
so ville eg laga ho slik—

Jolekvelden var arbeidet slutt—  
rokk og vev flytta ut—  
på bordet skeln so kvite duk  
og blanke ljostaka  
Besten og Besto begge to —  
hadde lagt arbeidet frå seg no—  
og teke på helgekleda.

Besto tenkte på oss som var små og sa:  
«No må de koma, gudla bodn, skal de få  
noko eg har laga til jola»—  
Me fekk både votta og labbe  
ay finaste lammeull,  
det vermde den kalde foten—  
Å, Besto ho var snill!  
Der hadde Besto site og nytta  
kvar tid og stund—  
gjerne til langt på kvelden—  
når Besto sku' havt seg sin blund.

No er det 'kje meir ei bestemorstova  
ho er burte— riven ned—  
samla på aldersheimen,  
det er løysinga for dei gamle no.  
Sukkande gjeng dei med tåra frå heim-  
og lengtar til heimen sin.

Men om bestemorsstova er burte  
og på grunnen er reist noko nytt—  
minnene frå bestemorstova  
sjå, for dei er dei unge blitt snytt.

GOD JOL!

Skrive den  
17. mai 1984.



## Gullregnhavren

I den ljose vårdag vart det sådd  
og i solvarm åkermålda strådd.  
Såmann lagde stille hatten av  
og eg høyrde bøna som han bad.

Sol og dogg får havren til å gro.  
Sjå på Gullregn kor den spire no.  
Åkren full av dette trylleri  
som skal verta brød og føda di.

Snart stend havren med dei fulle aks  
bølgjande i vinden med den vaks.  
Hundra foll på toppen av kvart strå  
meir enn såmann bad og tenkte på.

Med litt arbeid og litt fantasi  
halmteppet vart pryd i stova di.  
Ikkje treng dei kara eller rokk,  
men ein gamal vevstol det er nok.

Lat kje skurtreskjar med all si makt  
knusa strå som kan lagast til so mangt.  
Åkren full av dette trylleri  
som kan verta stas i stova di.

*Omange hira car...  
at hira...  
Quidam...*

Skrive i  
februar 1970.

## Snøklokka

Det er midt i februar  
vinterkulda enn er hard  
men rundt huset, inn til muren  
tinar det når sola skin.  
Tenk – der står dei, kvite klokker  
inn imellom kvite strå.  
Å, det er ei lyst å sjå!

Snøklokka so kvit og rein  
fram av svarte molda kom du.  
Fyrst av alle blomar kom du  
– vakna opp or vintersvevn.  
Mellom alle blomar små  
du er venast blom å sjå!

Snøklokke, du kjem med bod  
om at våren er i vente –  
blomeangen søt og god  
frå den kvite, kvite toppen  
Eg kan aldri sjå meg mett –  
ein for ein vert til bukett!

Kvite klokke – ring det ut:  
Snart er vinterkulda slutt –  
snø og is må røme!  
Skaparen har valt deg ut  
til å bera vårens bod  
Med den venleik han deg gav  
gjer du mange, mange glad!

Skrive i  
november 1977.

## Tankar ved den fyrste snøen

Fyrste snøen kom i natt –  
dala stille ned,  
la seg rein og kvit og lett  
over tun og tre.  
Kvitt i kvitt! Det er eit syn!  
– dal og fjell og bryn.

Haustens farge myrk og grå  
lagde snøen teppe på,  
gjuv og gjel og far og sti  
kvite snøen jamna i.

Tankefull eg anda inn  
dette syn og denne fred  
i sjel og sinn.  
Dette under som er skapt –  
tenk, under denne vinterdrakt  
er ein vår, ein spire lagt.

No er det i advents tid –  
og det fram mot jola lid.  
Du som kom med fred til jord  
kom og sletta syndespor.  
Kom med nådeglansen din!  
Og gjev fred i alle sinn!



Skrive i  
oktober 1973.

*Nittiåringen Margreta Donhaug har friske meiningar. - Eg idler ikkje å høyra at kvinner ikkje kan vera prestar. Det er no ikkje Paulus vi lever etter, seier ho.*

# Tuntreet

Det står ei bøk ved tunet her  
 så høg og brei og svær den er –  
 vært planta her av dei som bygde hus og rydda gard  
 sku stå til vern og livd mot vind og vær  
 for folk og slektene som budde her.

Dei gamle sa om slike tre  
 det fylgde løynde makter med  
 det kunne sjå og høyra.  
 Og det var sømd og folkaskikk  
 at det fekk smaka gilde-drikk –  
 det beste garden makta.

Eg står og ser på dette tre  
 og tenkjer på eit lite fre  
 som fall til jord og grov seg ned  
 og sette røter djupt i mold og aur  
 og tok si næring der –  
 mens toppen med den nye knopp  
 tøygde seg mot himlen opp.

Og kvar ein vår når alle blad og knuppar sprett  
 og fuglane har dala ned  
 og syng så fint og lett i dette tre  
 då får den trøytt tanken og det slitne sinn  
 denne underfulle stemning anda inn.

Og kvar ein haust det er eit syn å sjå  
 når treet tek sin gull-gul farge på.  
 Det lyser opp, det skaper fred.  
 Det gamle tuntre skal aldri hoggast ned.

Å, tuntre, lat meg sjå på deg.  
 Og denne tanken må du læra meg:  
 Å stå til vern og livd – og væra knopp –  
 som veks og veks mot himlen opp.

**E**g held meg åndsfrisk fordi eg et vegetarmat. Så tek eg kald-dusj og vaskar meg med tare. Det gjer meg opplagt. Den kvithåra kvinna vi sit overfor slår ut hendene og set i ein lått. Margreta Dønhaug fyller 90 år 6. april. Kven kunne tru det? Ho er på alle måtaer ein sjeldan plante i Vår Herres hage.

16 — Nei, eg synest ikkje livet har vore langt. Det har gått så fort, og eg har alltid hatt mykje å gjera. No skal eg snart setja i stand veven igjen. For eit par dagar sidan laga eg eit dikt. Eg skriv om tuntreet, om snøklukkene, snøen og våren. Det har vore ein lang og hard vinter og eg håpar våren kjem snart.

Margreta Dønhaug har opna dørene for oss på Dønhaug. Huset hennar er som eit lite museum. Her heng bilete, vevde åkle og teppa. Ei korg med plantefarga ull står i gangen. Alle gjenstandar som viser litt av det rike livet ho har bak seg. På Dønhaug bur ho aleine, klarar seg sjølv, tek sin kalde dusj, lagar urtedrykk og et sunn vegetarmat. Måndag er no nitti. Det er sjeldan å treffa på ein så sprek nittiåring. Ordtalet «dei gamle er eldst» gjeld i høgste grad.

#### «Eit levande museum»

— Eg føler meg som eit levande museum. Elskar dei som tek vare på ting. Tenk om ikkje folk gøymde på gamle gjenstandar. Kva hadde vi visst om historia vår då? spør Margreta. To klare auge ser på oss gjennom brillene.

Hennar store interesse for historie har resultert i at ho og mannen Sigurd samla over 200 kulturhistoriske og antikke ting. Dei ga heile Dønhaugsamlinga vederlagsfritt til Kvinnherad kommune som grunnlaget for eit bygdetun eller Kvinnherad museum.

Heile 14 år tok det før Bygdetunet Rød/ Dønhaugsamlinga vart ein realitet. Alle desse åra tok Margreta og Sigurd vare på samlinga og heldt ho i god stand. Ho er glad for at tunet har blitt slik det er, men legg ikkje skjul på kva ho meiner om handsaminga av denne saka. Friske meiningar har bondekona i Uskedalen alltid hatt.

Opphavelag kjem Margreta Dønhaug frå Huglo. Ho er oppvaksen på øya og far hennar var Hans Huglen, stortingsmann og ein av dei som fekk i gang Sunnhordland folkehøgskule. Sjølv gjekk Margreta på skulen i opningsåret 1914.

#### Veving og plantefargar

— På Huglo fekk eg min lærdom. Dei røtene du har frå barndomen kan du ikkje kutta ut, dei ligg djupt i meg. Eg føler meg både som kvinnhering og stordabu. Eg hadde ei tante som vov, og eg var ikkje gamle jentungen før eg fekk prøva meg sjølv og fekk eigen vev. Alt då laga eg plantefargar. Det gjer eg enno og får dei vakraste plantefargar du kan tenkja deg.

Denne side: Faksimile  
frå Haugesunds Avis  
4. april 1987.

Neste side: Faksimile  
frå lokalavisa Grenda  
22. desember 1992.

# Vegetarianar, vevar og friskus på nitti

Margreta syner fram noko av det ho har laga. Åkle komponert etter eige mønster, teppe i plantefargar, vakre bunadsband, vottar. Det er ikkje få meter teppe eller åkle som har kome ut av veven hennar. Premiar og skryt har ho fått for arbeida sine. Då ho høyrde om Biri-tapeten av halm i Oslo Rådhus, drog ho dit og kom heim og vov halmtapet frå eigen kornåker.

— Kan du fortelja korleis du vart vegetarianar?

— Det skjedde etter at naturlege Ole Olvik vitja Stord. Han var eigentleg frå Trøndelag, men budde lenge i Haugesund. Han snakka varmt om helsekost, sa at tarmane våre ikkje har godt av dyrekjøtt. Eg blei gripen av det han sa, og sidan har eg vore vegetarianar. Han sa og at du er ikkje rein før du har vore i dampbad. Det gjorde sterkt inntrykk på meg og gjorde at eg var den første som tok dampbad på Stord.

Margreta Dønhaug kom til Kvinnherad i 1920 og gifta seg til garden Dønhaug. I alle år har ho vore bondekone, men har alltid hatt mange interesser ved sidan av. Ho er samfunnsinteressert, var med i Senterpartiet og var på tale som kandidat til Stortinget. Ho er oppteken av kvinnespørsmål og talar varmt for kvinnelege prestar.

— Eg tåler ikkje å høyra at kvinner ikkje skal få vera prestar. Det er ikkje Paulus vi lever etter. Dersom kvinner vil preika Guds ord må dei få gjera det. Eg les mykje i Bibelen. Det er reint for gale at folk ikkje les så mykje lenger. Ein gong ville eg vera med i «Kvitt eller dobbelt» av Mosebøkene, men eg hugsar litt for dårleg.

At ho ikkje hugsar bibelnamn kan så vera, men på strak arm resiterer ho egne dikt og det lange diktet «Hellig Olav» av Welhaven. Kanskje det blir å høyra når ho skal feira dagen 12. april. Iallfall kjem det mange til Uskedalen for å gjera ære på kulturpersonlegdomen. Sjølv les ho mykje, har skrive prologar, og i 1981 vart ho premiart for ei minneoppgåve ho skreiv om barndomen sin. Ho skulle gjerne ha blitt diktar, seier ho, men hadde ikkje nok skulegang.

— Det har aldri mangla på interesser hos deg?

— Vår Herre har lagt mykje ned i meg, og eg har brukt dei etter beste evne. Det er viktig å bruka nådegåvene du får. Det er så mange som rotar vekk evnene sine. Eg har alltid likt å vera aktiv, seier den spreke 90-åringen, går ut på kjøkenet for å sjå til ein urtedrykk ho lagar på einerbuskar. Eit sjeldant menneske, Margreta på Dønhaug.

# Legende om skautet

- Tankar av Margreta Dønhaug -



17

Margreta Dønhaug skriv julehelsing i Grenda. Ho er i sitt 96. år og skriv friskt og modig om opphavskvinna til skautet i Hardanger.

Skautet til hardangerbunaden er laga av lin eller lereft og er om lag 80 - 90 cm. i firkant.

Å fella eller plissera skaut er eit seint og tolmodig arbeid og difor tek svært få dette arbeidet på seg i dag.

Margreta ættar på morsida frå Grimo. Ho brukar skautet framleis og med litt hjelp set ho det på seg sjølv.

Alle som har sett dette skautet vert påbunde ved fest og høgtider, vil undrast over denne hovudbunaden så fin og staseleg. Turistar frå mange land seier at det ikkje finst maken til venleik og kunst.

Skautet har ikkje stende ferdig med ein gong slik det er i dag. Det har vorte venare og venare med tidene.

I den fyrste tida var det ikkje valk til å binda skautet over og i skrifter frå 16. hundreåret får vi vita at det var berre 4 foller. I dag er det 300 fine og små plisseringsfoller lagde med varsame kunstnarhender. Skautet kan berre berast i fint ver, - ikkje i storm og regn. Då ville det verta øydelagd.

Då det ikkje finst skrifter som fortel om opphavspersonen eller kunstarkvinna, - så må vi tenkja og undra oss på kva ho heite og kor ho kom frå.

Eg trur ho heitte Maria, - eit vanleg kvinnenamn før og eit namn med lange kristne helgen-tradisjonar.

Vidare trur eg at ho hadde busetnaden sin på Jåstad i Ullensvang og at ho har stende der ved

Velureskredene og sett opp mot Folgefonna med den evige snø på fjellbryna og med fjorden som speglar det heile av.

I stranda der har Maria stende med sine kunstnarsyner, forma på det kvite linct med foller og høgdedrag. Ho har bunde det med staselege sauma band og sett det på hovudet til gifte kvinner i Hardanger, - til dei som kan bera skautet med vyrd og æra.

Dette greidde altså denne Maria å få til for over 200 år sidan. Maria kviler idag på gravstaden ved Ullensvang kyrkje "ved tusund forglemte graver".

Maria og kunsten hennar vil leva så lenge skautet vert bunde til valken på Hardangerkvinnna.


I det siste har vi sett mindre og mindre til skauta kvinner i fest og høgtider t.d. på 17. mai.

Deue er ei lei utvikling. No må dei som kan kunsten med skautet, - vaska, stiva, plissera og setja skautet opp, læra frå seg handverket til dei unge.


Vi ser med glede og von fram til at skautakulturen skal takast vare på til slektene som kjem etter oss.

Lukka til og god jol.

•• Margrethe Dønhaug ber sjølv den fine skautetradisjonen vidare, - også som 96-åring.



Frå museet i  
bestemorstova.



# Kulturpris til Margreta (94)

94 år gamle Margreta Dønhaug vart den verdige vinnar av årets kulturpris i Kvinnherad. Høg alder til trass, er ho høgst oppegående og reiser rundt og fortel om og demonstrerer vår nære kulturarv. Den gamle bonde- og bygdekulturen har ho teke vel vare på, og Margreta Dønhaug kan fortelja. For ei lita stund sidan vitja ho elevane på folkehøgskulen på Halsnøy og heldt eit fengslande kåseri om tider som eingong har vore.

Margreta Dønhaug kjem frå Huglo men kom til Dønhaug i Uskedalen som bondekone i ung alder.

Ho har alltid har kulturelle interesser og ho har teke vare på mange verdfulle gjenstandar frå gamal tid. For nokre år sidan gav ho heile samlinga si til kommunen, og Dønhaug-samlinga er no plassert i Bygdetunet på Rød.

- Vi veit at Margareta har gjort særleg mykje for å bevare gamalt tekstilhandverk - frå ull og halm til fine bruksgjenstandar og pyn-tegjenstandar og kjend er ho blitt for sin halmtapet og vevnad. Ho har og ei lyrisk åre og mange av hennar tanker har kome på papi-ret i dikts form. Det å ta vare på helse er også kultur, og årets kulturprisvinnar har alltid vore oppteken av rett og godt kost-hald. Ho er sjølv eit lysande døme på korleis eit menneske kan vera med å halda oppe eit



Kulturprisen i Kvinnherad til 94 år gamla Margareta Dønhaug.

god helse til langt over dei 90. Etter det vi skjønar er det første gong at kulturprisen er tildelt no-

kon som er fødde i 18. århundre, skriv Grenda.



Øverst: Margreta  
heime i bestestova  
på Dønhaug.

Nederst: Margreta  
ved rokken under ei  
«heimeutstilling».

Neste side:  
Diktet er skrive  
3. februar 1986.

## Morsdag

I dag er det morsdag  
eg tenkjer på mor  
ho skal få helsing frå liten og stor,  
i dag vil eg segja dei finaste ord til mi kjære mor.

Ho skal få høyra kor snill ho har vore  
og minner eg gøymer frå barneåra,  
då ho klappa mitt tårekinn  
og lagde det godt inn til barmen sin.

Mor skal få sitja på stas i dag  
taka mot gåver av finaste slag  
og ein gong for året verta  
på hender boren.

I dag skal kje mor vera fyrste-mann opp.  
Nei, ho skal berre ta det med ro.  
Kaffi på senga – og so –  
koma til fint dekkka frukostbord.

Bror og syster – store og små!  
kom skal me dikta ein song med  
finaste ord og tone på!  
Den skal me syngja med takkens ord  
til vår kjære, snille mor.

## Til pensjonistfesten i Uskedal 1960

Dalen vår er kledd i vinterbunad –  
kvite snøfjell ruvar høgt mot sky –  
heile bygda med dei mange heimar  
drøyer om at det vert vår på ny.

Som de ser so er det pensjonisten  
som ber inn til nyårsfest i dag –  
for å møtast i det nye året,  
med dei beste ønskje som vi har.

Lat vår nyårssong til alle vere  
gjev ein blom i form av noko godt –  
gjev ein blom, eit smil, ei helsing bæra  
– inn til dei som har det mindre godt.

For me veit at gjennom våre hender  
kan vi syna sinn og hjartelag –  
gjeva hjelp til folk i våre grender –  
som sit einsleg ifrå dag til dag.

Her vi sit kring festleg pynta bord  
alle er so smilande og bli` –  
ventar på den gode kaffidråpen  
som får heile praten rett på gli.

«Pensjonisten» det er alle tiders!  
Best av alt som folk har funne på.  
Bror og syster – tenk om vi kan bringa  
litt av smil – der tåra renn på kinn –.

Tenk kor godt at vi har  
«Pensjonisten,» bladet vårt, der vi kan  
tala, opna opp for alt vi har på hjarta,  
dela gleder, dela sorg og sut.

Om vår livsdag hallar – og det kveldar  
denne stunda den har og sin sjarm –  
som i solarglad og himmelglansen  
speglar alle vene fargar av.

Tone: Sjømann og stjerna.

## Bilvisa

Skriven til motorførereenes  
Avholdsforeining sitt årsmøte  
1961, etter at eg hadde fenge  
sertifikat 64 år gamal.

No vil eg skriva ei lita visa  
og bilen høgt opp i skya prisa –  
det vil eg seia min kjære venn,  
for utan bilen kor sku me henn!

Når fyrst me har fenge denne dilla,  
me kjøper bil, ja, om so i villa –  
me kjøper gjerne ein flott Konsul –  
og brukar pengar so det var jul.

Me minnst gjerne den store dagen –  
me køyrde opp med litt vondt i magen  
og tenkte berre og grunda på  
om førarkortet me kunne få.

No stend det bilar for kvar manns  
dørrar og mann og kvinna dei er  
sjåførar, so mange trur det berre er  
gøy og brukar bilen som leiketøy.

For skal me sjå litt på statistikken  
og alle ulukker i trafikken:  
ved rattet sat det ein fårleg mann  
han hadde nytt alkohol han!

Men de lyt høyra den sanne tale:  
med *litt* promille då gjeng det gale.  
Om det er aldri so god ein kar,  
han har kje tenkt over sitt ansvar.

Men lat oss tenkja me dreg på ferri  
og køyrer ut i den vide verdi –  
med bilen trillar det lett avstad.  
Me nyte turen, den gjer oss glad.

Ja, bilar trillar på alle leider –  
so høgt og lågt som det finnst veier.  
Det vil eg seia min kjære venn:  
for utan bilen, kor sku me hen!

*Mangrøden Ditt Barne.*

Utval av tekstar:  
Gudrun Furuberg (syster),  
Laila Aas Birkeland (systerdotter)  
og Magne Huglen (brorson).  
Formgjeving: Lena Haukanes  
Trykk: Arne Steen Offset